

**NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen,**

Postboks 5091 Majorstua,

0301 OSLO

Elde, 19. august 2015

## **Fråsegn til søknad om konsesjon for bygging av Elde Kraftverk**

Vi viser til søknad om konsesjon for bygging av Elde kraftverk datert 15.4.2015 og kunngjering om høyring datert 7.5.2015 med frist for fråsegn til 21.8.2015.

Søknaden om konsesjon kan gje inntrykk av at Fallrettseigarane er samde om at det skal søkjast konsesjon for bygging og drift av Elde kraftverk.

**Dette stemmer ikkje, fallrettseigarane for Gnr 94 bnr 1 og Gnr 94 bnr 3 ønskjer ikkje at elva skal regulerast og at det skal byggast og drivast kraftverk på Elde.**

Elde er ei lita bygd med 4 brukseiningar og tradisjonelt har alt samarbeid vore tufta på deling av fellesskap etter skyld. Jordskiftesaka med etterfølgjande rettsak har skapt splid i bygda. Tildeling av konsesjon for bygging av kraftverk mot dei andre fallrettseigarane/grunneigarane sine ynskje, vil nok forsterke dette.

Rapportane frå Bioreg AS om "*Biologisk mangfald*" og "*Vurdering av verknader på fisk*" peikar på ei rekke forhold som kraftverket vil ha negative verknader på. Dette i tillegg til at Eldedalen tidligare er verna som Naturreservat, meiner vi må tilseie at det ikkje skal byggast kraftverk på Elde.

Offentlige myndigheiter har allereie lagt beslag på / freda store deler av utmarksområdet til Elde, der elva er ein viktig kvalitet i føremålet med verneplanen. Vi meiner då at myndigheitene, representert ved NVE under konsesjonshandsaminga no må syte for at heile Elde sitt vassdrag vert ståande urørt.


**Vi ber derfor om at søknaden om konsesjon for bygging av Elde kraftverk vert avslegen.**

Med helsing

  
For Gnr 94 bnr 1  
Einar Elde

  
Marie Dombestein,

For Gnr 94 bnr 3

  
Martin Elde,

Ekornlia 35,

6814 FØRDE

6734 Rugsund